


## SAK 38/10 VASSREGION HALLINGDAL, FORSLAG TIL PROSJEKTORGANISERING

### Saksopplysning

EU sitt rammedirektiv for vatn vart implementert i Norge gjennom den nye vassforskrifta som trådte i kraft 1.1.2007. Vassforskrifta gir overordna mål og føringar for å sikre god miljøtilstand, der forvaltningsplanar med tiltaksprogram skal vera vedteken i 2015 og måla skal vera nådd innan 2021. Vassforskrifta er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Det nye er m.a. er ei heilskapleg vassforvaltning og at nedbørfelt er forvaltningseining, og ikkje administrative grenser.

Det er gjort ei nasjonal inndeling av vassregionar (VRN), der Hallingdal høyrer til Vest-Viken vassregion, som er ei administrativ eining. Vest-Viken er delt inn i 18 vassområde, der Hallingdal inklusive Krødsherad er definert som Hallingdal vassområde og omfattar:

- 7 kommunar
- 4 randkommunar
- 5110 km<sup>2</sup>
- 184 vannforekomster
- 59 innsjøer
- 115 elvevannsforkomster



Fylkesmannen i Buskerud og Buskerud fylkeskommune tok i 2009 initiativ til oppstartsseminar for Hallingdal. 25.11.2009 var representantar frå dei fleste kommunar i vassområde Hallingdal samla saman med representantar frå fylkesmannen, fylkeskommunen og NVE. Formålet med møtet var å få i gang ein oppstartsprosess i vassområdet. Det vart gjeve ein gjennomgang av forskrifta og kva denne har å seie for kommunane i vassområdet dei komande åra. Det vart drøfta moglege framdrift og organiseringsmåtar og kva utfordringar vassområdet står overfor.

Arbeidet med å forvalte vassdirektivet vart overført frå fylkesmannen til fylkeskommunane frå og med 1.1.2010. Overføringa fører til at det no er fylkeskommunane som er vassregionstyresmakt og dermed ansvarleg for koordinering av dette arbeidet. Det er no 11 vassregionar i Norge. Målsettinga med vassdirektivet er å:

- Sikre god miljøtilstand på vassforekomstar (VF)
  - God tilstand → Sikre at VF ikkje blir forringa
  - Dårlig tilstand → Betre tilstand gjennom tiltak
- Utarbeide regionale forvaltningsplanar med tiltaksprogram
- Framskaffe nødvendig kunnskapsgrunnlag for arbeidet

Direktivet legg opp til ei ambisiøs forvaltning av fersk- og kystvatn. Målsettinga er å få alle vassforekomstar opp på minimum godt nivå, sjå figur under. For å få dette til må det gjennomførast ein karakterisering av vassforekomstane. Basert på dei funn som blir gjort under karakteriseringa skal vassforekomstane klassifiserast etter kva tilstand dei er i, skalaen går frå svært dårleg til svært god. For vassforekomstar som oppnår ei klassifisering lågare enn god, skal det utarbeidast ei tiltaksanalyse og setjast i verk tiltak, som over tid skal bringe kvaliteten opp til ønska nivå. Vassforekomstar som allereie er på eit godt eller høgare nivå skal ikkje bli dårlegare. Det skal utarbeidast ein heilskapleg handlingsplan for kvar vassregion. Handlingsplanen er basert på innspel frå det enkelte vassområde.



Figur: Kjemisk og økologisk kvalitet- klassifisering

Den lokale tiltaksanalyse kan den einkilde kommune ha ansvaret og eigarskapet til, ettersom kommunane er utførande styresmakt på fleire område som handlar om vatn, ma.: landbruk, miljø, vatn og avløp, forureining. Tiltaksanalyse har ikkje status som plan og skal ikkje vedtakast i kommunar eller fylkesting.

I tillegg til kjemisk og økologisk kvalitet skal forholda i modifiserte vassdrag vurderast. Modifiserte vassdrag er vassdrag med utbygd vasskraft. I lovverket er det heimla visse unntak i forhold til de miljøstandardane som er satt i disse vassdraga og når måla eventuelt skal nåast.

Fylkeskommunane sin rolle er m.a. å etablere vassområda og koordinere arbeidet innan kvar av desse. I samband med arbeidet skal det utarbeidast ein framdriftsplan som omhandlar:

- Planprogram med høyringsperiode
- Fullkarakterisering av alle vassforekomstar i vassområdet
- Lage forslag til overvåkingsprogram
- Gi innspel til oversikt over vesentlege spørsmål i planarbeidet, problemkartlegging
- Utarbeide forslag til miljømål for kvar enkelt vassforekomst
- Tiltaksovervaking
- Vesentlege spørsmål med høyringsperiode
- Samanstille tiltaksanalyse for vassområdet
- Økonomiske analysar
- Utarbeide forslag til vassdragsplan og handlingsprogram som innspel til vassregionen sin forvaltningsplan

Planprogrammet skal gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar og opplegg for medverking. Målgruppe til planprogrammet er alle som har interesser i vassområde sine vatn og vassdrag. Målgruppa omfattar derfor både styresmakter, private og allmenne interesseorganisasjonar, brukarar, og den einskilde innbyggjar.

Forvaltningsplanen med tiltaksprogrammet skal vedtakast som ein regional plan etter PBL § 8-4. Vassregionstyresmakt skal sørge for at forvaltningsplanen blir gjennomført.

Til forvaltningsplanen skal det utarbeidast eit handlingsprogram som skal vedtakast og rullerast årleg.

## **Vurdering**

### **Generelt**

I Norge har det vore arbeid med vassdragsplanlegging i mange år. I tillegg har det vore fleire omgangar verneplanar for vassdrag og fleire rundar med Samla Plan. Fleire kommunar har sine vassbruksplanar og det er planar for å sikre drikkevasskjelder.


Det betyr at mange i stat og kommunar, private og organisasjonar med ulike interesser har arbeidd med, og kjempa med og mot og for, alle dei elementa som EU sitt rammedirektiv for vatn seier me skal arbeide med. Det er eigentleg ikkje nokon nye element eller oppgåver i direktivet. Det nye for oss i EU sitt vassdirektiv, er fyrst og fremst at alle aktiviteten skal utførast på ein koordinert og helst meir rasjonell og målretta måte, enn det som er gjort tidlegare. Nokon vil kanskje hevde at direktivet vil skapa meir byråkrati og fleire planar og møter. I ein overgangsfase er nok dette rett, men på den andre sida bør det vera betydelege gevinstar å hente på noko lengre sikt, i betre koordinering og meir effektiv og målretta bruk av ressursane.

For vassområde Hallingdal er vasskraft av dei områda som gir dei største påverknadane på vassmiljøet. Det er mange regulerte vassdrag og fleire er, eller blir snart opne for revisjon. Revisjon og konsesjonsbehandling blir derfor eit viktig tema i arbeidet med vassdirektivet vassområde Hallingdal. Turisme er eit anna viktig næringsområde som m.a. påverkar vassområdet i forhold til avrenningsproblematikk frå avløp, og der vatn og elvar er viktige rekreasjonsområde.

## Organisering

For vassområde Hallingdal kan det vera naturleg at Regionrådet for Hallingdal pluss ordførar i Krødsherad kommune er vassområdeutval/styringsgruppe i arbeidet med gjennomføring av vassdirektivet. I denne samanheng må det avklarast kva rolle Buskerud fylkeskommune og Fylkesmannen i Buskerud vil ha. Det bør og drøftast korleis andre sterkt involverte/berørte partar bør vera representert, som t.d. NVE, Eco, Mattilsynet, Statens vegvesen og grunneigarar.

Figur under syner eit forslag til organisering.



Sjølve planarbeidet kan organiserast på ulike måtar. For gjennomføring av arbeidet med vassregion Hallingdal trur dagleg leiar det vil vera heilt nødvendig med ein eigen prosjektleiar, for å sikre nødvendig koordinering og framdrift, og som sekretær for arbeidet. Dersom prosjektleiar også kan vera utførande i forhold til fullkarakterisering, målarbeid og tiltaksanalyse vil det kunne gje store rasjonaliseringsgevinstar. I tillegg til prosjektleiar bør det vera ei administrativ prosjektgruppe i tillegg til temagrupper for ulike fagområde. For å sikre god involvering bør det og etablerast ei eigen referansegruppe.

Administrativ prosjektgruppe kan t.d. ha ein fagleg rep. frå kvar kommune, leiarar for temagrupper, i tillegg rep. frå m.a. fylkesmannen, fylkeskommunen og NVE.

Arbeidsoppgåver til vassområdeutvalet vil/kan vera:

- Oppnemne prosjektgruppe og gi mandat for denne
- Oppnemne referansegruppe
- Tilsette prosjektleiar
- Godkjenne arbeidsplan og budsjett
- Godkjenne vassområdet sine forslag til overvaksningsprogram, tiltaksplan og vassdragsplan før desse blir sendt over til vassregion.
- Avklare nødvendige økonomiske og personellmessige bidrag, frå sine respektive organisasjonar til arbeidet.
- Sikre forankring av arbeidet og nødvendig handsaming av planane i sine respektive organisasjonar

Administrativ prosjektgruppe og temagrupper er tenkt som faglege arbeidsgrupper som hjelper prosjektleiar i gjennomføring av arbeidet. Arbeidsoppgåver kan td. vera:

- Medvirke til utarbeiding av arbeidsplanar m. budsjett, samt årsmeldingar
- Medvirke til fullkarakterisering av vassområdet
- Medvirke til å laga forslag til overvakingsprogram
- Gi innspel til oversikt over vesentlege spørsmål i planarbeidet som vassregionstyresmakt.
- Medvirke til å utarbeide forslag til miljømål for kvar enkelt vassforekomst
- Medvirke til å utarbeide tiltaksprogram for vassområdet
- Medvirke til å utarbeide forslag til vassdragsplan som innspel til vassregionen sin forvaltningsplan
- Ta avgjerd i saker etter delegasjon frå vassområdeutvalet.

Etter dagleg leiar sitt syn bør det tilsettast prosjektleiar i 50% stilling for ein periode på 4 år, med kontorplass hjå Regionrådet eller i ei av kommunane. I denne samanheng bør det vurderast eit samarbeid med Valdres som og er i oppstartsfase for gjennomføring av sitt planarbeidd. Det kan både vera enklare og meir rasjonelt å tilsette ein person i 100 % stilling. Det er og kommunar i Hallingdal som inngår i vassområde Valdres, noko som gjer eit slikt samarbeid naturleg, samtidig som det allereie er etablert eit godt samarbeid mellom Hallingdal og Valdres.

Prosjektleiar sine oppgåver vil mellom anna kunne vera:

- Utarbeide arbeidsplan med budsjett og årsmeldingar til vassområdeutvalet i samarbeid med prosjektgruppa.
- Fullkarakterisering av vassområdet i samarbeid med fylkeskommune, fylkesmannen og med bidrag frå den einskilde kommune.
- Samanstille vassdragsrapport som beskriv tilstand, belastningar og mogelege tiltak i vassdraget.
- Utarbeide forslag til overvakingsprogram i samarbeid med prosjektgruppa
- Gi innspel til oversikt over vesentlege spørsmål i planarbeidet til Vassregionstyresmakt.
- Utarbeide forslag til miljømål for kvar einskild vassforekomst i samarbeid med prosjektgruppe/temagruppe.
- Samanstille tiltaksprogram for vassområdet i samarbeid med prosjektgruppe og med faglege bidrag frå den einskilde kommune, statlege sektorstyresmakter og viktige aktørar i vassdraget.
- Utarbeide forslag til vassdragsplan i samarbeid med prosjektgruppa som innspel til vassregionen sin forvaltningsplan
- Legge til rette for medverking frå alle interesserte i alle fasar av arbeidet, gjennom møter, referat, media, nettside mm.

## Framdrift

Skisse syner eit grovt forslag til framdriftsplan. Etter dagleg leiar sitt syn bør det vurderast om prosjektperioden kan reduserast noko, men dette kan vera eit utgangspunkt for vidare vurdering/drøfting. 1.juli 2014 skal forvaltningsplan Vest-Viken ut på høyring, med 6 mnd. høyringsfrist. For vassområde Hallingdal vil det meste av arbeidet vera avslutta i 2013.

|                                  |           | 2011                  | 2012    | 2013 | 2014    | 2015   |
|----------------------------------|-----------|-----------------------|---------|------|---------|--------|
| <b>Planprogram (VRN)</b>         | Utgreiing | Supplerande utgreiing |         |      |         |        |
| <b>Fullkarakterisering</b>       | Utgreiing | Supplerande utgreiing |         |      |         |        |
| <b>Problemkartlegging</b>        | Utgreiing | Supplerande utgreiing |         |      |         |        |
| <b>Tiltaksobservasjon</b>        | Utgreiing | Supplerande utgreiing |         |      |         |        |
| <b>Vesentlege spørsmål (VRN)</b> | Utgreiing | Supplerande utgreiing | Høyring |      |         |        |
| <b>Tiltaksanalysar</b>           | Utgreiing | Supplerande utgreiing |         |      |         |        |
| <b>Økonomiske analysar</b>       | Utgreiing | Supplerande utgreiing |         |      |         |        |
| <b>Forvaltningsplan (VRN)</b>    | Utgreiing | Supplerande utgreiing |         |      | Høyring | Vedtak |

**Utgreiing**      **Supplerande utgreiing**      **Høyring**      **Vedtak**

## Finansiering

Planarbeidet vil medføre kostnader som må finansierast. Det følgjer ikkje med egne midlar til arbeidet, men det bør forventast ei viss form for spleiselag. Som eit utgangspunkt er det rekna med tilskot frå den einskilde kommune i vassområdet, fylkesmannen og fylkeskommunen. Det kan også vera aktuelt å få med andre sentrale aktørar i ein finansieringsplan. Under er det satt opp eit anslag for den totale kostnaden for drift av vassområde Hallingdal i fire år. Det er i tillegg satt opp forslag til fordeling av bidraga frå kommunane, fylkesmannen og fylkeskommunen.

Totale prosjektkostnader over fire år: 2 mill kr

### *Finansiering*

Tilskot frå kommunane: 1 mill kr

Skjønnsmidlar/tilskot FM og tilskot frå fylkeskommunen: 1 mill kr

Over fire år betyr det at kommunane må bidra med til saman kr 250 000 pr år. Fordeling av årlege beløp mellom kommunane er foreslått etter fordelingsnøkkel 30% etter talet på kommunar og 70% etter folketal.

| <b>Kommune</b> | <b>Innbyggjarar<br/>2010</b> | <b>Kostnad</b>  |
|----------------|------------------------------|-----------------|
| Hol            | 4422                         | 49.809          |
| Ål             | 4672                         | 52.624          |
| Gol            | 4479                         | 50.451          |
| Hemsedal       | 2087                         | 38.522          |
| Nes            | 3420                         | 23.508          |
| Flå            | 998                          | 11.241          |
| Krødsherad     | 2117                         | 23.845          |
| <b>SUM</b>     | <b>22195</b>                 | <b>250. 000</b> |

*Tabell: Kommunar tilhøyrande vassområde Hallingdal, berekningsgrunnlag og kostnader pr kommune pr.år*

For 2010 vil beløpet bli halvert i og med at arbeidet ikkje har kome i gang.

#### **Forslag til vedtak**

1. XX kommune gir sin tilslutning til å setja i gang planarbeidet for vassregion Hallingdal.
2. XX kommune gir sin tilslutning til at Regionrådet for Hallingdal tek på seg ei vertskapsrolla for vassregion Hallingdal, og at Regionrådet for Hallingdal i samarbeid med Krødsherad kommune og rådmannsutvalet får fullmakt til å organisere planarbeidet.
3. XX kommune gir sin tilslutning til framlagt finansieringsplan der xx kommune sin del er kr.....
4. XX kommune løyver kr ....som kommunen sitt bidrag for 2010.
5. Regionrådet for Hallingdal får i oppdrag å arbeide vidare med delfinansiering frå fylkesmannen og fylkeskommunen i tillegg til andre aktuelle aktørar.

Ål 20.6.2010

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg: Vassområde Hallingdal, presentasjon 19.6.2009